

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 189/2024

2024/EØS/92/08

av 23. september 2024

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåttane:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1054 av 10. april 2024 om godkjenning av eit preparat av *Weizmannia faecalis* DSM 32016 som tilsetjingsstoff i fôr og drikkevatn til alle fjørfeartar som vert føra opp for eggproduksjon eller avl, og for bruk i drikkevatn til alle fjørfeartar meinte for slakt, prydfluglar, spedgrisar og avvande smågrisar (innehavar av godkjenninga: Biochem Zusatzstoffe Handels- und Produktionsges. mbH), og om endring av gjennomføringsforordning (EU) 2020/1755 med omsyn til vilkåra for godkjenning av dette preparatet⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1055 av 10. april 2024 om godkjenning av jern(II)-betainkompleks som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1056 av 10. april 2024 om godkjenning av riboflavin 5'-fosfatmononatriumsalt (vitamin B₂) framstilt av *Bacillus subtilis* KCCM 10445 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽³⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1057 av 10. april 2024 om godkjenning av eit preparat av 6-fytase framstilt av *Komagataella phaffii* CGMCC 7.19 som tilsetjingsstoff i fôr til alle fjørfeartar meinte for slakt eller som vert føra opp for eggproduksjon, og prydfluglar (innehavar av godkjenninga: Nutrex N.V.)⁽⁴⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 5) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1058 av 10. april 2024 om fornya godkjenning av eit preparat av endo-1,4-betaxylanase framstilt av *Aspergillus oryzae* DSM 33700 som tilsetjingsstoff i fôr til fjørfe meinte for slakt, avvande smågrisar, slaktesvin, diegjevande purker og verpehøner, om endring av vilkåra for godkjenning av og godkjenning av nye bruksområde for dette preparatet som tilsetjingsstoff i fôr til alle fjørfeartar og alle dyr av svinefamilien (innehavar av godkjenninga: DSM Nutritional Products Ltd, som er representert ved DSM Nutritional Products Sp. z o.o.), og om oppheving av gjennomføringsforordning (EU) nr. 1206/2012, (EU) 2020/995 og (EU) 2020/1034⁽⁵⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 6) Gjennomføringsforordning (EU) 2024/1058 opphevar gjennomføringsforordning (EU) nr. 1206/2012⁽⁶⁾, (EU) 2020/995⁽⁷⁾ og (EU) 2020/1034⁽⁸⁾, som er tekne inn i EØS-avtala og følgeleg skal opphevast i EØS-avtala.
- 7) Denne avgjerda gjeld føresegnar om fôrvarer. Føresegnar om fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 8) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

⁽¹⁾ TEU L, 2024/1054, 11.4.2024, ELI: http://data.europa.eu/eli/reg_impl/2024/1054/oj.

⁽²⁾ TEU L, 2024/1055, 11.4.2024, ELI: http://data.europa.eu/eli/reg_impl/2024/1055/oj.

⁽³⁾ TEU L, 2024/1056, 11.4.2024, ELI: http://data.europa.eu/eli/reg_impl/2024/1056/oj.

⁽⁴⁾ TEU L, 2024/1057, 11.4.2024, ELI: http://data.europa.eu/eli/reg_impl/2024/1057/oj.

⁽⁵⁾ TEU L, 2024/1058, 11.4.2024, ELI: http://data.europa.eu/eli/reg_impl/2024/1058/oj.

⁽⁶⁾ TEU L 347 av 15.12.2012, s. 12.

⁽⁷⁾ TEU L 221 av 10.7.2020, s. 84.

⁽⁸⁾ TEU L 227 av 16.7.2020, s. 34.

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I kapittel II i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 376 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1755) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

- **32024 R 1054:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1054 av 10. april 2024 (EUT L, 2024/1054, 11.4.2024).”

2. Etter nr. 571 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/997) skal nye nummer lyde:

”572. **32024 R 1054:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1054 av 10. april 2024 om godkjenning av eit preparat av *Weizmannia faecalis* DSM 32016 som tilsetjingsstoff i för og drikkevatn til alle fjørfeartar som vert föra opp for eggproduksjon eller avl, og för bruk i drikkevatn til alle fjørfeartar meinte för slakt, prydfluglar, spedgrisar og avvande smågrisar (innehavar av godkjenninga: Biochem Zusatzstoffe Handels- und Produktionsges. mbH), og om endring av gjennomføringsforordning (EU) 2020/1755 med omsyn til vilkåra för godkjenning av dette preparatet (EUT L, 2024/1054, 11.4.2024).

573. **32024 R 1055:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1055 av 10. april 2024 om godkjenning av jern(II)-betainkompleks som tilsetjingsstoff i för til alle dyreartar (EUT L, 2024/1055, 11.4.2024).

574. **32024 R 1056:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1056 av 10. april 2024 om godkjenning av riboflavin 5'-fosfatmononatriumsalt (vitamin B₂) framstilt av *Bacillus subtilis* KCCM 10445 som tilsetjingsstoff i för til alle dyreartar (EUT L, 2024/1056, 11.4.2024).

575. **32024 R 1057:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1057 av 10. april 2024 om godkjenning av eit preparat av 6-fytase framstilt av *Komagataella phaffii* CGMCC 7.19 som tilsetjingsstoff i för til alle fjørfeartar meinte för slakt eller som vert föra opp for eggproduksjon, og prydfluglar (innehavar av godkjenninga: Nutrex N.V.) (EUT L, 2024/1057, 11.4.2024).

576. **32024 R 1058:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/1058 av 10. april 2024 om fornya godkjenning av eit preparat av endo-1,4-betaxylanase framstilt av *Aspergillus oryzae* DSM 33700 som tilsetjingsstoff i för til fjørfe meinte för slakt, avvande smågrisar, slaktesvin, diegjevande purker og verpehøner, om endring av vilkåra för godkjenning av og godkjenning av nye bruksområde för dette preparatet som tilsetjingsstoff i för til alle fjørfeartar og alle dyr av svinefamilien (innehavar av godkjenninga: DSM Nutritional Products Ltd, som er representert ved DSM Nutritional Products Sp. z o.o.), og om oppheving av gjennomføringsforordning (EU) nr. 1206/2012, (EU) 2020/995 og (EU) 2020/1034 (EUT L, 2024/1058, 11.4.2024).”

3. Teksta i nr. 74 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 1206/2012), 325 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/995) og 331 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1034) og andre strekpunktet (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 1206/2012) i nr. 1zss (Kommisjonsforordning (EF) nr. 2036/2005) opphevast.

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2024/1054, (EU) 2024/1055, (EU) 2024/1056, (EU) 2024/1057 og (EU) 2024/1058 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 24. september 2024, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 23. september 2024.

For EØS-komiteen

Anders H. Eide

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.